


Varhaug Misjonshus



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Innhold:

Eit liv i tru og teneste	Side 4-5	Alle helgen	Side 14
Minglerom	Side 7	Julemesser	Side 20-21
Andakt	Side 8	Menighets weekend	Side 22-25
Min song	Side 11	Mi bok	Side 26
Alpha-kurs	Side 13	ChatGPT	Side 28-29

ODLAND a/s

FORSKALING OG STØYPING



Alt i oppmerking av
parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51 43 09 37
Fax: 51 43 33 64
Mobil: 908 89 556



Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND
TLF: 51 49 49 50
FAKS: 51 49 49 60
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2 - 2025

37. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Leiar:

Berit Skretting,

Mob: 994 98 957

Det Norske Misjonsselskap

Leiar:

Njål Omland,

Mob: 916 89 177

Normisjon

Leiar:

Øystein Varhaug

Mob: 970 90 811

Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Mob: 476 01 167

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr: 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 900 58 503



Frå redaksjonen

Framsidediletet denne gongen er ei teikning av Morten Samuelsen. Han hadde ein konsert i fjor og nå i haust hadde han ein ny den 24. oktober. Dette var like før bladet gjekk i trykken. Han en ikkje berre ein dyktig songar, men han teiknar portrett av personar, både kjente og ukjente. Om nokon ynskjer å bestilla eit portrett, er det berre å ta kontakt med han.

Sjur Håland møtte Per Arvid på misjonshuset ein dag i september.

Annette Sommerseth Auestad, gift med Ernst Auestad, bur nede ved sjøen på Varhaug, har levert andakten. Ho er oppvaksen på Hommersåk og fylgjer opp dei som konfirmerar seg i Sentrum menighet.

Min song er levert av Anette Vagle. Ho er gift med Jan Erik Vagle, bur i Svanevegen og flytta til Varhaug frå Iveland.

Julemessene står for tur. Mange er i sving for å førebu og gjera klar til dei.

Minglerommet er nå ferdig. Det nye lagerrommet er snart klar og i romma over er ikkje mykje som gjenstår, før dei kan takast i bruk. Her er det grupperom og kontor.

Ungdomslaget har harr årsmøte. Ny leiar er Christina Kydland. Det er nytt styre i undgsomslaget og i Ope Hus.

Mi bok er levert av Steinar Ånestad. Det er ei bok frå tidleg på 1800-talet med mykje sosial uro i Frankrike. Dei fleste har vel høyrte ordet Les Miserable/de elendige. Boka utviklar seg med ein veldig spennande historie om Jean Valjean sin kamp for å gjera det gode i Frankrike.

Mari Grove har vore og besøkt eit misjonærpar i Paris og har levert inntrykk frå turen.

Per Åge Skretting
redaktør

I redaksjonen: Karin Lerbrekk, Kristian Skrettingland, Sjur Håland, Tom Magne Ueland og Per Åge Skretting

Oppdatert oversikt over møter framover er å finna på nettsida: www.varhaug-misjonshus.no Klikk på møteplan og så møtebok.

Eit liv i tru og teneste



Sjur Håland

Sidan han flytta til Varhaug i 1979 har Per Arvid Jakobsen vore ein trugen tenar i misjonshus- og kyrkjelivet. Trønderen som fann vegen til Jæren, har brukt både fagkunnskap, dugnadsånd og praktisk tru til å byggja fellesskap – i ordets vidaste meining.

Ein stillfaren trønder

Ingen kan skulda Per Arvid Jakobsen for å ha utestemme og smelle med dørene. Ikkje har han særleg behov for å bli portrettert i *Misjonshusbladet* heller. Men han lar seg heldigvis overtale.

Sjølv om han har budd på Varhaug saman med si Marit Jakobsen, f. Skrettingland sidan 1979, har han halde på dialekta si. Trøndersk. For Per Arvid er oppvaksen på Bakklandet i Trondheim by, kor han vart fødd i 1947.

Byrja i voggeavdelinga

Her vart han knytt til både Bakke kirke og Salem. Salem var Trondheim indremisjon sin plass. Der var det aktivt gutelag som skifta namn til Unge menns indremisjon (UMI) fordi barnarbeid var forbudt under krigen. Engasjementet for kristenliv starta tidleg, for å skriva det forsiktig. Per Arvid vart medlem i Unge menns indremisjon då han var to månadar gammal. Her hørde han naturleg nok til i voggeavdelinga i starten, men då han reiste frå byen var han leiar i UMI.

Då han var 14 år deltok han på ein påskeleir for gutar. Her skjedde det store ting som skulle få konsekvensar.

- Eg vart ein overtydd kristen og tok i mot Jesus, seier han.

På den tida måtte ein vera konfirmert for å ta i mot nattverden.

- Så det var først året etter at eg kunne gå til alters saman med far min og få nattverden. Det var ei stor hending i livet mitt.

Studieår og kristenliv i Trondheim

Seinare var han aktiv i kristenlivet i Trondheim og var blant anna med på å arrangera stormøte i kjølvatnet av den vidgjetne amerikanske evangelisten Billy Graham sin vekkingkampanje.

Trondheim er ein god by for dei som vil ha ei høgare utdanning. For Per Arvid sin del betydde det NTH, Norges tekniske høgskole, kor han utdanna seg til sivilingeniør innan mellom anna landmåling og kartteknikk.

Kjærleiken og flytting til Jæren

Per Arvid avtente ni månadar av førstegangstenesta på Akershus festning, i Forsvarets kartteneste.

- Her var vegen kort til Indremisjonen i hovudstaden og deira storstove, Storsalen. Det var her eg ei gong i 1971 treffe ei som jobba som nyutdanna sjukepleiar i Oslo. Ho heitte Marit og kom frå Varhaug, smilar han.

Dei to vart eit par og seinare eit ektepar. Oslo var adressa like fram til 1979 då han fekk tilbod om jobb i Sjøkartverket i Stavanger.



Krybbe og kors: Per Arvid Jakobsen ved eitt av dei symboltunge måleria som prydar veggene i matsalen på misjonshuset.

- Marit hadde ei byggeklar tomt på Toppen på Varhaug, så då var det naturleg at me flytte hit, seier han.

Dermed vart det husbygging og jobb. Svigerfar, Kåre Skrettingland, var sjef for gravearbeidet. Per Arvid gjorde mykje av byggearbeidet sjølv, inkludert alt grunnarbeidet. Men han held fram at dei også fekk mykje dugnadshjelp. Etter eit hektisk drygt halvår, i januar 1980, kunne familien flytte inn.

Dugnadsånd og leiarroller

Vegen frå Toppen til Varhaug Misjonshus er kort. Her var Marit heime frå før, og det gjekk ikkje lenge før Per Arvid vart blant dei mange trugne tenarane. Særleg var aktiviteten stor i 1983 då første delen av matsalen og ungdomsloftet vart bygd. Ti år seinare var det klart for påbygging av trinn to. Per Arvid var med på dugnad.

Sivilingeniøren pendla til og frå Stavanger samstundes med at han hadde ei rekkje tillitsverv i det kristne miljøet i bygda og i soknet, nærast frå dag éin. Det starta med søndagsskule- og ungdomsarbeid. Så vart han vald inn i styret i Varhaug Misjonshus i 1994. Og han sit framleis rundt styrebordet, 31 år seinare. For det meste har han vore leiar eller sekretær.

- Det må vel vera rekord?
- Nja, det er eg ikkje sikker på. Harald Skretting sat i si tid også svært lenge i styret, så eg må kanskje dela den plassen med han.

Bygging, teknologi og nybrottsarbeid

Då den nye møtesalen vart bygd i 2005, skjedde det med Per Arvid som leiar av styret. Samstundes var han leiar i Hå kyrkjelege fellelsråd og hadde ansvar for bygginga av kyrkja på Nærbø.

Svært mykje ansvar, mange møte og lange dagar, med andre ord.

- Ja, då var det litt hektisk, men dagane gjekk av seg sjølv, smiler han.

Per Arvid har hatt ei hand med i mykje som har skjedd på misjonshuset opp gjennom åra. Mange vil hugsa basarane då den tradisjonelle kuleristaren vart bytt ut med Per Arvid og den berbare datamaskinen under

trekkingane. Han har vore ein pioner i å ta i bruk data og ny teknologi – både i arbeid og på misjonshuset.

Heimesida utvikla han saman med Njål Omland. Det er framleis Per Arvid som har ansvar for oppdatering av både heimesida og møteboka,- både den på papir på styrerommet og den digitale. Sekretæren er med der det skjer. Før intervjuet har han nyleg vore med eit par dagar på Spar og selt lodd til misjonshusbasaren. Så går det slag i slag før det er tid for Normisjon si julemesse på Vigrestad.

Familie og fritid

Marit og Per Arvid har fem barn. Nå er familien utvida med tretten barnebarn. Det har blitt mange turar til slekta i Trøndelag opp gjennom åra – med bilen fullpakka av ungar, sykklar og anna bagasje, og med kanoen på taket.

Sjakk har også vore ein lidenskap heilt sidan han var ein neve stor. Han har vore trugen i Varhaug sjakkklubb, i dag Hå skulesjakk, ein del av Jæren sjakkklubb, «i alle år».

- Det er god hjernetrim. Har du lyst å prøva er det berre å koma og vera med. Her blir ingen for gamle, seier han.

Slektsgransking

Pensjonistlivet er ikkje kjedeleg. Han driv med slektsgransking og kan fortelja at familien var sterkt engasjert i motstandsørsla under krigen. Han fortel blant anna om farmora som dreiv butikk og vart sett i fengsel for å ha delt ut mat til folk som av ulike årsaker ikkje hadde moglegheit til å kjøpa mat.

- Ho leverte mat ut bakvegen. Det vart ikkje godteke, seier han.

Eine onkelen, Arvid Austad, som Per Arvid er oppkalla etter, vart skoten av tyskarane på Kristiansten festning 17. november 1943.

- Han var motstandsmann og vart teken av angjevaren og torturisten Henry Rinnan. Arvid vart skoten saman med to svograr. Eine svogeren og Arvid var fedrar til kvar sin eitt år gamle gut.

Etter krigen vart det snakka lite om det som hadde skjedd.

- Det kan synast litt rart i dag, men kanskje det var ein måte å leggja eit lok over alt det vonde.

Då Marit og Per Arvid fekk sin første son, ville dei kalla han opp etter far til Per Arvid, som heitte Henry.

- Då sette far foten ned. Men han fortalde ikkje kvifor. Det var først seinare at me forstod at namnet var for nært knytt til Rinnan, som jo var svært berykta, ikkje minst i Trøndelag.

Tru og livsvisdom

For Per Arvid er fellesskapet i både kyrkja og misjonshuset heilt avgjerande.

- Folk treng ein stad å høyra til. For meg har det vore viktig å bruka både kyrkja og misjonshuset.
- Kva med rekrutteringa?

- Det går jo i bølgedalar, men me har ein stor ungdomsflokk på misjonshuset. Om du ser på dei tradisjonelle kvinneforeiningane er det mest berre eldre folk att. Dei unge finn sine plassar i nye mønster. Det er eigentleg bra. Tidene forandrar seg, og då må menighetene vera opne for fornying.

- Det viktigaste for deg i truslivet ditt?

- Det er avgjerande at folk finn sin plass kor dei kan trivast og leva som kristne, seier Per Arvid. – Å finna Jesus og leva med Han, er det viktigaste. Eit anna svar på det du spør om er å finna i Salme 121. «Eg lyfter augo mine opp mot fjella. Kvar skal mi hjelp koma frå?» Svaret, som har vore som eit hovudpunkt for meg, kjem i vers to: «Mi hjelp kjem frå Herren, han som har skapt himmel og jord.»

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

EIK

SENTERET

Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: jts.as

Minglerom

Berit Skretting



Etter mange år med ønske om ein triveleg plass å setja seg med kaffi og drøs er nå minglerommet så godt som ferdig. Det har blitt eit rom som er flittig i bruk, meir enn me hadde trudd. Styremøte, komitear og «henging» etter møte skjer mange gonger i veka.

Noko av det siste som kom på plass var utsmykking på veggene.

Det er Johannes Kleppe som har fått utfordringen med å finne bilete som kunne passa inn i miljøet.

Han lagar bilete med bibeltekstar og har eit design og uttrykk som er moderne og stilreint.

Me gler oss over eit lyst, varmt og triveleg rom, og har tru på at me vil få mykje glede av minglerommet i tida som kjem.

HOMLEBØLET

Et sted der barn og voksne kan samles å bli kjent med Jesus og ha sosialt samvær. Et sted å bli kjent med nye.

Tirsdager kl 9:00 – 11:00 i barnekjelleren på Varhaug Misjonshus

- Lek
- Samlingsstund/andakt
- Matpause

Ta med mat og drikke.

VELKOMMEN!



Din venn

Mitt navn er Annette S. Auestad. Jeg er en kvinne som snart fyller 40 år, og jeg har to gutter på 10 og 12 år. Min mann kommer fra en gård, og derfor er vi heldige som bor på en gård helt nede ved sjøen på Varhaug. Jeg kommer opprinnelig fra Hommersåk, men har bodd på Varhaug i over 20 år nå. Da jeg flyttet til Varhaug som 18-åring, hadde jeg allerede gått to år på Tryggheim videregående skole og bodd på internat.

Mitt kristne liv begynte da jeg gikk på Tryggheim. En dag kom det inn en person som spurte alle i rommet om vi var kristne. Alle svarte ja, og jeg turte ikke å svare nei. Det var nok dette som fikk meg til å begynne å tenke over hva det egentlig var de trodde på, som jeg ikke gjorde.

Da vi kom til Varhaug, ble vi raskt en del av et kristent miljø gjennom ungdomslaget, noe som var veldig godt for meg. Der fikk jeg muligheten til å lære mer om Jesus og Gud, og å vokse i troen min. Jeg hadde mye å lære og forstå. Jeg var heldig som hadde venner rundt meg som ønsket å lære meg, og som var glade i meg selv om jeg gjorde mange feil. Jeg kunne komme til dem med spørsmål og ting jeg lurte på.

Hvem er din beste venn? Er det noen du kan snakke med om alt? En som er der når du har det vanskelig, ikke bare når alt er gøy? En som lytter, forstår og aldri snakker bak ryggen din? I Johannes 15, vers 12-15, står det at vi skal elske hverandre slik Jesus elsker oss, at vi er venner av Jesus, ikke bare tjenere. Tenk at Jesus ønsker å være din venn – det synes jeg er ganske stort. Jeg har ikke bare venner her på jorden som ønsker meg godt, men jeg har også en venn i himmelen som passer på meg. Han vet alt om meg, og det kan noen ganger være litt skummelt. Men når jeg bruker tid med ham og blir bedre kjent, vet jeg at han bare ønsker meg godt. Selv om jeg fortsatt gjør mange feil, tilgir han meg alltid når jeg ber om det.

En venn er ikke bare en som krever, men en som gir. En venn dømmer deg ikke, men hjelper deg opp når du faller. En venn blir værende – også når du gjør feil.

Det er ganske stort å tenke på at Jesus døde på korset for meg og deg, slik at vi kan leve og ha et evig vennskap med ham. Jesus er med oss hver dag, og han svikter oss aldri. Vi kan komme til ham hver dag med det vi tenker på, og han tåler det. For meg er det veldig godt å ha en slik venn – en som tåler meg uansett om jeg er sint, trist eller glad, han er min venn. Jesus liker deg ikke bare på Instagram, han elsker deg virkelig – hele deg.

Vil du ha Jesus som din venn? Vil du slippe ham inn i livet ditt? Jesus står klar med åpne armer og venter på deg. Husk at han tåler hele deg. Du trenger ikke å prøve å være noen andre enn deg selv med Jesus; han vil være vennen din akkurat som du er.

Til slutt vil jeg gjerne dele et vers fra Bibelen: Filipperne 2, vers 13: «For det er Gud som virker i dere, både å ville og å gjøre etter hans gode vilje.»



Annette S. Auestad

Audaket



Fv: Tarald Ånestad, Asgeir Olsen, Grethe Håland, Loyd Aanestad, Glenn Skretting, Per Arvid Jakobsen, Andreas Rasmussen, Georg Høien og Ådne Skretting.

Nytt frå husstyret, september 2025

Styret i misjonshuset har nyleg hatt ansvar for den årlege basaren til drift og vedlikehald av huset. Ungdomar fra VAKRU gleda oss med song og Njål Omland hadde andakt til ei flott forsamling som møtte fram på basaren fredag 12.september. Husstyret vil rette ein stor takk til alle som støtta basaren, det vart selt lodd for om lag 90.000.

Det er stor aktivitet på huset utover hausten med møteveker, basarar, gudstenester, søndagsmøter samt stor aktivitet knytta til ulikt barne- og ungdomsarbeid. Det er gildt å registrera at me har aktivitetar for alle aldrar.

Me er no i ferd med å ferdigstille 2. etasje i påbygget. Her blir det 3 flotte grupperom og nye toalett. I 1. etasje er det nye lageret snart ferdig, og me gler oss til å ta dette i bruk.

Tysdag 23.september var alle brukergupper av misjonshuset innkalla til opplæring om brannvern. Ifylgje husets internkontroll skal dette gjennomførast minimum ein gong i året. Ein god gjeng møtte opp, som saman med brannvern ansvarleg for huset

gjekk gjennom våre internkontrollrutinar, gjorde ei risikovurdering og hadde befarung i bygningsmassen med fokus på rømningsvegar og slukkeutstyr.

Misjonshuset har ein betydeleg bygningsmasse som skal driftast og vedlikehaldast, både innandørs og utomhus. Mykje reinhald vert gjort på dugnad, og me ynskjer å rette ein stor takk til alle som gjer ein flott jobb her!

Me er avhengige av mange hender for å halda anlegget i den stand me ynskjer. Difor har me lyst til utfordra dokke som kan tenkja dokke å ha ein rolle, liten eller stor, til å ta kontakt med ein i styret.

Så vil me ynskja alle velkomne på misjonshuset utover hausten, det er mykje å gleda seg til. Heimsida vår www.varhaug-misjonshus.no vert kontinuerlig oppdatert, så bruk gjerne den for å info om det som skjer på huset.

Misjonshus styret vil ynskja alle god haust!



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579



4360 Varhaug - Tlf: 9118 12 43

BØEN STORKIOSK

GATEKJØKKEN

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰ Fredag: 10⁰⁰ - 23⁰⁰

Lørdag: 09⁰⁰ - 23⁰⁰ Søndag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveising av fjøs.

Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING

AUESTAD

MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



butikken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

Min song



Anette Vagle

Smaken av himmel på jord

Lovsangen og sangen har alltid vært en viktig del av min tro og kjærlighets erklæring til og om Gud. Han kjennes så nær når enn får lukke øynene og være i hans herlighet, få en smak av himmel på jord.

Det jeg også kjenner er utrolig godt. Det er at Gud han ser både deg og meg, akkurat der vi er. En sang som jeg har elsket å synge, sammen med Helga Bøe Reilstad, å som jeg dele her, er fra Charity Gayle med sangen :

I speak Jesus

<https://open.spotify.com/track/6ih83nInlD4raXBdaHmu9d?si=4dooM067Q1W1zcEes9oRTA>

**«I just wanna speak the name of Jesus
Over every heart and every mind»:**

Jeg synger Jesu navnet over hvert et hjerte, hele mennesket. Der jeg vet at hans navn kan bryte lenker av depresjon, sette sjelen fri, gi lys i mørket, for navnet Jesus er over alle navn.

**«Shout Jesus from the mountains
And Jesus in the streets
Jesus in the darkness, over every enemy»:**

Jeg synger Jesu navnet over bygda vår Varhaug, barnehagene, skolene våre. For der Jesus er, er det godhet, kjærlighet og håp.

«Jesus for my family»:

synger Jesu navnet over familien, men ikke bare min jordiske familie, men brødre og søstre i ånden. At familier holder sammen, elsker hverandre med ubetinget kjærlighet og blir fylt med Den Hellige Ånd. At vi kan be for hverandre i alle livets årstider.

...«burn like a fire»:

Gud er lyset om livet skulle kjennes vanskelig og mørkt. Han vil lyse opp din sti

(salm 119: 105: Ditt ord er en lykt for min fot, og et lys for min sti). Det har han gjort i mitt liv, å det vet jeg han kan i ditt også.

Han ønsker å være der for deg og løfte deg opp. Hans navn, Jesus, er over alle andre navn.

Guds fred og velsignelse over deg.

En hilsen fra Anette Vagle

BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso Varhaug
Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

EL-TEAM
Elektroentreprenør

AUTORISERT ELINSTALLATØR
MEDLEM AV
elkonor

Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40
E-post: firmapost@el-team.net
www.el-team.net



Alpha-kurs

i Sentrum menighet på Varhaug

Anne Birgitte og Terje Bøe

Alpha-kurs er ei enkel innføring i den kristne trua. Det overordna formålet, er å bidra til å føre menneske inn i eit forhold til Jesus Kristus ved å dele dei gode nyhetene om evangeliet. Det første kurset blei halde i London i 1977 og no har meir enn 30 millioner menneske prøvd Alpha i 175 land og på 100 ulike språk.

Kvar måndag frå kl 19-21 møtes 27 stk, frå tenåra til 60-åra, til Alpha-kurs i matsalen på Varhaug Misjonshus. Vi startar kvelden med god kveldsmat og drøs, så er det litt info, vits og sang før film med dagens tema. Eksempel på tema er «Er livet Meir enn dette», «Kven er Jesus?», «Kvifor døydde Jesus?», «Korleis kan eg lese Bibelen», «Kven er den heilage Ande?»

Desse halvtimes lange filmene er på engelsk, men med norsk tekst. Dei er svært godt gjennomarbeida og der er alltid mykje å reflektere over og snakke om. Etter filmen

deler vi oss i tre faste grupper og samtaler. Her kan ein spørje om alt og det er ingen spørsmål eller meiningar som ikkje er velkomne.

Vi undrar oss i lag og deler erfaringar alle saman. Her kan ein lett få nye perspektiv, og det oppleves som eit opent fellesskap. Denne hausten er det 10 kurskveldar pluss ein Alpha-laurdag der vi skal vere saman med gjengen som går på Alpha på Fredheim Arena i Sandnes.

Vi har fått med sju gode frivillige som bidreg på ulike måtar og gjer det mogleg å gjennomføre dette.

Vi er glade for at Alpha har starta oppatt på Varhaug etter 25 år- og trur dette kan føre til at fleire får betre kjennskap til den kristne trua, og Jesus. Håpet i Jesus er viktig for oss som arrangerer, og vi ynskjer at enno fleire skal få del i dette håpet. Takk til deg som ber for dette-og til deg som tenkjer at du ville vore der- følg med, så vil det sannsynligvis kome nye muligheter for å delta på kurs.



Foto: J.F. Martin, Unsplash.

Allehelgen - av alle ting!

Sjur Håland

På Varhaug Misjonshus har Det Norske Misjonsselskapet sitt lokale lag høgtida allehelgensdagen med ein eigen fest i mange tiår. Du som les desse linjene er ekstra velkommen dette året.

Fest? Til minne om dei døde? Kva er det eigentleg som går føre seg på Misjen? Er ikkje dette eigentleg ein litt mørk, tung og trist dag der sorga og saknet kjem sterkare fram en elles? Ein dag der mange kjenner på sorg, og tenner lys ved gravene til sine nære og kjære, som ikkje er i blant oss lenger?

Eg har mange gonger tenkt at langt fleire enn dei som til vanleg går på Varhaug Misjonshus burde få med seg denne festen. Det er ei samling for undring og tankar kring kanskje dei største spørsmåla; finns det eit evig liv på den andre sida? Skal me møte våre kjære att? Her kan du vera den du er. Tvilande eller truande. Du får ein kveld saman med andre. Tale, song og samvær med god mat. Og over det heile denne søndagskvelden i november er det varme, lys og håp!

Allehelgensdagen i år er 3. november kl. 19,00. I år blir det tale av generalsekretæren i Det Norske Misjonsselskap, Helge S. Gard. Vidare kan du gleda deg til å oppleva at det solide mannskoret Frimenn, løfter taket med himmelvende songar. I tillegg til den åndelege føda, får du god mat og gildt lag med andre.



SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36


E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)



R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

**Varhaug
Park & Hage**

Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no



Murmester
Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid
Tlf: 992 50 989
Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER
Be om pristilbud på arbeid og materialer



Lobekk Bygg A/S



Svein Lobekk

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87

V
A
K
R
U

Varhaug Kristelige Ungdomslag



Christina Kydland

Hausten på ungdomslaget er godt i gang, og me har mykje planar for vinteren.

I november reiser me blant anna til momentum på Vigrestad, og i desember har me mange kjekke julekveldar.

26. desember blir det aendagsfest, og me er i gang med planlegging av nyttårsaftnen med festmiddag, rakettar, underhaldning og lovsang.

Flaskeinnsamlinga 2026 blir den 3. januar. Vidare har me fleire kjekke møte i januar og februar, og 13.-15. februar er det klart for årets høgdepunkt, skiweekend på Tonstadli, med slalom.

MALER OG GOLVLEGGER



Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700

 **VoldenTollefsen AS**


Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 47 22 00 / www.voldentollefsen.no

Styret i Ungdomslaget



Fv.: Filip Halvorsen, Tor Arne Varhaug, Mathias Vagle, Christina Kydland, Johannes Lima Olsen Ulrik Lerbrekk, Kristine Ueland, Siv-Anita Skretting, Tilla Erga og Helene Skrettingland.

Ope hus styret



Johannes Stokkeland, Kristian Skrettingland og Rebekka Håland

Nyhetsbrev – September 2025

Hei alle, håper det står godt til hos dere. Etter en flott sommer hjemme i Norge sammen med ungene, familie og venner, har vi kommet tilbake til Elfenbenskysten i midten av august. Nå skal vi til nord og starte vår tjeneste der. Det er jo derfor vi har prøvd å lære fransk! De sier det er veldig stor kulturforskjell å flytte til Ouaninou. Vi har hørt masse om stedet, både positivt og negativt, men nå skal vi opp og se selv.

Vi kom til Ouaninou på mandag kveld, 1. september etter en lang og fin kjøretur fra Abidjan, ca 11 timer å kjøre. De første dagene har vi hilst på mange hyggelige folk, blitt vist diverse ting og fått flyttet inn i huset der vi skal bo. Vi bor på en stor tomt med mange bygninger på en liten høyde i byen. Veldig fint her på tomta med utsikt utover Ouaninou og de grønne åsene rundt.

Det er fremdeles regntid her, så det er skikkelig fuktig og masse regn. Spennende å kjøre med firehulstrekk på dårlige veier i og rundt landsbyen. Vi blir lette og ledige i kroppen 😊

Førsteintrykk...

- Hyggelige folk – Lett å komme i kontakt
- Fransk er ikke deres første språk – Det er forskjellige regionale språk (Mahou, Joula og Bambara) (vi skal i gang med å lære Mahou, begynner kanskje i neste uke)
- Her er det flere moskeer, med bønnerop 4 ganger pr dag, første kl 04:00
- Folk bor enkelt
- Masse muligheter – Mange ønsker å høre om Jesus

Bønneemner:

- At vi vil trives i Ouaninou og at Gud leder oss inn i oppgaver på en ny plass
- Vekkelse og for de tre menighetene våre her i -landsbyene Kâna, Jâma og Ouaninou (skrives: Koonan, Dioman og Ouaninou)
- Presidentvalget i Elfenbenskysten som skal gjennomføres 25. oktober – vi ber om fred og ro rundt valget. Dette er vi spente på.

Tusen takk for forbønn, det er godt å vite at vi ikke er alene.

Joh 5:24 Sannelig, sannelig, jeg sier dere: Den som hører mitt ord og tror på ham som har sendt meg, har evig liv og kommer ikke for dommen, men er gått over fra døden til livet.

God søndag 😊 Hilsen Magnhild og Morten

Evt: Sender med noen bilder dere kan vise viss det passer 😊 1. Bilde av kirka i Ouaninou og hovedgata ned til sentrum, 2. Bilde fra tomta, med vårt hus til venstre 3. Bilde av sentrumsgata på markedsdagen, 4. Bilde fra markedet.



NORMISJONS JULEMESSE

I HÅ PÅ VIGRESTAD MISJONSHUS

7. OG 8. NOVEMBER

Fredag:

Åpningsmøte kl 19.00

tale v/Jørn Helland,

Sang av Terje Tengesdal m/band

Lørdag:

Møte kl 11

Aktiviteter for barna


Familiemøte kl 13.30

Begge dager:

Åresalg og basar.

salg av bakst, grønnsaker, grønt og mye
mer.

Matsalg i kjelleren

Arr:  normisjon Vigrestad, Varhaug og Nærbo

Julemarked ImF-Rogaland Ognatun 02. des.



Kl. 17.00-19.00

Salg av mat, varer, lotteri, hovedtrekning m.m.

Kl. 19.00

Konsert med
Emilia Lindberg



Velkommen til julemesse

på Varhaug Misjonshus
21. og 22. november



FREDAG

18.00 Kveldsmat

Gryterett, kaffi og kaker.

19.00 Møte

Misjonskorpset (NMS), Egersund vert med.

Kafé og varesal etter møtet.

Åretrekking ca. kl 20.30.

LØRDAG

11.00 Møte

Andakt av Møyfrid Lunde.

Songopplegg.

Kafé (inkl. hamburger og graut) og

varesal etter møtet.

Åretrekking ca. kl 13.00.

13.30 Familiemøte

Møyfrid Lunde vert med.

Song av Minikoret.

Barne- og hovudtrekking.



Fredag 14.11.25

17:30

Dørene opnar og matsalget startar.

19:00

Møte med Vegard Ask

Fjoringane deltar med sang

Etter møtet varesalg og kafeteria.

Åretrekning.



Laurdag 15.11.25

11:00

Møte med Leon Dyngeland

Sang av Anne Margrethe Fauskanger

Etter møtet varesalg og kafeteria.

Åretrekning

14:00

Familiemøte med Gunn Marit Djøseland

Sang av Bjerkreim Soul Children

Hovedtrekning barneutlodning og trekning av gavekort

Sentrum Menighet Varhaug

Tom Magne Ueland

Menigheten som har tilhaldsstad på Varhaug Misjonshus har som visjon «Saman gjennom livet med Jesus i sentrum». Vi er ein menighet som er tilslutta dei fire eigarorganisasjonane på Misjonshuset, og held jamlege møte på misjonshuset. Vi har gudsteneste kl. 11:00 søndag i partalsveker og kveldssamlinga Sondag kl. 19:30 i oddetalsveker.

Sidan utgiving av misjonshusbladet hausten 2024 har vi så langt hatt tre gudstenester med dåp. Då har vi fått lov å bera desse fram til dåpen:

03.11.24 - Ester Skretting

09.02.25 - Rebecka Lindmo Nilssen

23.03.25 - Emanuel Horpestad

Hausten 2024 starta vi og eige konfirmasjonstilbod i regi av Sentrum Menighet, og har i år hatt ti ungdommar med på konfirmasjonsopplegget. Dette er Amelia Hobberstad, Thea Aarsland, Olaug Håland, Sofie Håland, Synneva Vagle, Teodor Liene, Grethe Mattingsdal, Mari Skrettingland, Mathias Nesvåg Varhaug og Peder Undheim.

Konfirmasjonsgudstenesta var lørdag 26. april på Varhaug Misjonshus.

Våren 2025 arrangerte Sentrum Menighet for første gong menighetsweekend. Siste helga i januar reiste rundt 80 stk. til Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter. Der hadde vi eit innhaldsrikt program med møte, sosialt fellesskap, gymsalgøy og alt frå skigåing til tur på Tonstadbadet. Helga gav meirsmak og vi vil inviterer til ny menighetsweekend 30.01-01.02 2026. Meir informasjon på våre nettsider.

Sentrum Menighet har året 2025 temaet: Sammen! Med det temaet ønskjer vi å spisse fokuset på det som er vår hovudvisjon; saman gjennom livet. Vi ønskjer å vera ein menighet som går saman, både når livet opplevast lett og når det røyner på.

Det siste året har vi også hatt eit godt samarbeid med organisasjonen «Livsmestring Jæren» som arrangerer temakveldar. Undervisinga er ved Kjell Aanonsen som er utdanna diakon, og har stor kompetanse innan sjelesorg. 14. – 15. mars arrangerte vi Teleois-kurs, med tema «Størst er kjærligheten». Hovudinnhaldet i kurset hadde fokus på - Korleis bygge sunne relasjonar i familien, med venner, kollegaer og i menigheten, ved god kommunikasjon.





Vi er glade for å ha moglegheit for å tilby konfirmasjonsundervisning, og hausten 2025 er det 18. konfirmanter som følger opplegget.



*Det er bak fra venstre: Thomas Skretting, Jon Emil Helland, Tage Ueland, Micah Rasmussen, Mads Vagle, Benjamin Lerbrekk, Jonas Haaland, Åge Skretting og Even Undheim
Framme fra venstre: Harald Varhaug, Ruth Risa, Grete Djøseland, Sofia Horpestad, Guro Håland, Helga Vagle, Regine Aarrestad, Rebecka Lindmo Nilssen og Johanna Håland.*



Teleoiskursa er delt opp i ulike tema, og vi satsar på å få i stand fleire kurs framover.

Siste helga i mai hadde Sentrum Menighet felles menighetsstand på Varhaugmarken som i fjor, i tillegg til felles markensgudsteneste på marknadsplassen. Det er fint å kunne samlast på denne måten i samarbeid med andre menigheter på Varhaug, og i lag med lag-, organisasjonar og handelsstand til ein felles bygdedag der vi presenterer mangfaldet i bygda.

I midten av juni var vi med på eit felles arrangement i Rogaland – Hele Rogaland Ber. Veke 25 hadde vi derfor bønnevandring på Varhaug, bønn på Snøden og eige bønnehus på Ueland Forsamlingshus tirsdag 17. juni. I 2026 vil Sentrum Menighet fortsatt

ha fokus på bønn, og være med på Hele Norge ber, og arrangere bønnesamlinger og bønnevandringar i løpet av året. Kvar tirsdag kl. 20:30 er det og bønnemøte på ungdomsloftet på Varhaug Misjonshus. Alle er velkomne.

Helga 13 – 15 mars 2026 vil vi arrangere helgekurs med fokus på bønn. Da vil Marian Nygård bli med oss hele helga, med kurs fredag og laurdag, samt på møte Sunday kveld. Pris for kurset fredag og laurdag: 300,- Meir informasjon og påmelding på våre nettsider.

Velkommen til våre arrangement og møter i løpet av året. Ta gjerne kontakt. Vår nettside er: sentrum-menighet.no, som er oppdatert med informasjon om det som skjer, og kontaktopplysningar.



Styret i Sunday ledes nå av Sigve Kydland, og han har med seg ein god gjeng som består av Birger Kydland, Magnus Skretting, Annette Sommerseth Auestad, Helga Bø Reilstad, Simen Aanestad og Håvard Austnaberg (ikkje på bildet)

Konsert med noko attåt

Karin Lerbrekk

Fredag 24.okt kl 19.30 var det bedt inn til konsert ved Morten Samuelsen på Varhaug misjonshus.

Han dreg rundt i landet og held konsertar, og syng i gravferder. Og han har også andre talent å spela på: Rundt flygelet stod fleire portrettbilete som han sjøl hadde teikna. Neste år skulle han ha portrettutstilling.

Morten Samuelsen har levd av songen i 10 år. Han blei anbefalt å satsa på musikal og klassisk, men valde kristen song. Han syng songar han har skrive sjøl og andre sine, songar til trøyst, håp og glede.

Folk møtte opp, både lokale og frå andre bygder. Kaffi i gang og minglerom ønska publikum velkommen. Fine blomar og levande lys gjorde sitt til ein innbydande kveld i lun sal, medan haustmørke og regn rådde ute.

- Du vet vel om at du er verdifull, ingen annen er som du- lydde første songstrofe, ein god bodskap til alle frammøtte.

Songaren fortalde litt om songane innimellom.

-Viss livet var ein bein strek, ville ikkje sangane hans blitt slik dei er, prega av opp- og nedturar.

- Sjå fram, nåden er ny kvar dag.

- Det er makt i de foldede hender.

I 1,5 time gledde publikum seg over fin, Jesusfokusert song, og song med når det passa. Det var god stemning, og mange kjende på ei vel anvendt kveldsstund.





Mi bok

Steinar Ånestad



De elendige / Les Misérables

I denne spalta fekk eg lyst til å skrive om boka, filmen og musikalen De elendige (Les Misérables).

Den første erfaringa med denne historia fekk eg på kino. Filmen gjorde ei sterkt inntrykk på meg. Seinare har eg lese boka, høyrte den som lydbok og sett den som musikal i London og på TV.


Boka handlar om straffangen Jean Valjean. Handlinga er lagt til Paris tidleg på 1800 talet med mykje naud og sosial uro. Jean Valjean har sona ei hard straff i fangeleir fordi han var svolten og stal brød. Nå er han i ein hjelpelaus situasjon, svolten og fattig. Han møter ein prest som gir han husrom og mat. Likevel stel han presten sitt sølvtøy og dreg. Jean Valjean blir snart fanga av politiet, og han blir tatt med til presten for å få hans dom. Det som overrumplar Jean Valjean fullstendig, er at presten tilgir han tjuveriet og forklarar politiet at det var ei gave få han. Dette møtet med ei fullstending overraskande og ufortent tilgjeving, blei starten på eit nytt liv.

For meg blei denne boka ei sterk forteljing om kva tilgjeving og nåde kan gjera med eit menneske.

Presten sine ord er som eit ekko av Jesus, «så dømmer ikkje eg deg heller, gå bort og synd ikkje meir»

Boka utviklar seg med ein veldig spennande historie om Jean Valjean sin kamp for å gjera det gode i Frankrike. Han tek ma på seg ansvaret for å berge ei lita jente som mister mor og lever som ein slags slave i eit vertshus.

Eg anbefalar boka i alle former. Den historia er nok med bok, film og musikal blant dei mest kjente i verdslitteraturen.





FARGERIKE




FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Leverandør av trelast og bygningsartikler



TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbo
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget)
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



KAY'S

BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

JÆRBU

GJØDSELPUMPE

Ole G

Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jarbu.no

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER

ChatGPD

Har du høyrte om ChatGPD/AI/KI?

Per Åge Skretting



Det har tydelegvis Magne Vatland. Han er forsamlingsleiar i Salem i Stavanger og forkynnar i NLM. Mange kjenner han frå då han var lærar på Tryggheim.

Han var talar på ei møteveke som NLM hadde i september. Temaet hans var frå Nehemja og oppbygginga av murane og tempelet etter at israelsfolket fekk reisa heim til Jerusalem etter 70 år i Babylon på firehundretalet fKr..

Han var med på ungdomsmøte på laurdagskvelden og då overraska han alle med å starta med at det var fleire som hadde spurt ChatGPT følgande spørsmål: Hvis du var Djevelen, kva ville du gjort for å hindra folk å tru på Gud?

Her ser svara:

Eg ville ikkje gjort det med å åpent forneakta Gud. Det er altfor lett å avsløra. I staden ville eg arbeida gjennom listig distrahering, gjennom små endringar i fokus som kvar for seg verka harmlause og uskuldige, men som over tid førte folk langt vekk frå Gud

Eg ville starta med å øydeleggja religion, og gjera det til ein reiskap for kontroll, hykleri og splitting. Eg ville gjera folk oppslukt med dette livet, ambisjonane deira, ønskjene deira, statusen deira. Ikkje ved å få dei til å gå vekk frå trua, men ved å gjera dei for travle for trua.

Eg ville fylla tida deira med konstant støy, skrolling på sosiale media, endelaus underhaldning, tanketomt tidsfordriv, til dess stillheit blir ubehageleg og sjølv-refleksjon følest umogleg.

Eg ville gjera øyeblikkeleg tilfredsstilling det høgaste målet, eg ville få synd til å følast som sjølvrealisering, som fridom, som noko ein kan vera stolt av

Eg ville få lydighet mot Gud til å følast som undertrykking, og ulydighet som frigjerung. Eg ville få folk til å tenkja at dei er for smarte til å bøya seg for Gud, og for moderne til å fylgja guddommeleg rettleiing

Eg ville bedøva sansane dine. Eg ville forherliga synd i filmar, få synda til å verka vanleg gjennom musikk, få folk til å le av synda i komediar og feira synda i kulturen, til dess det som ein gong sjokkerte deg, har blitt underhaldning

Eg ville øydeleggja familiar. Sørga for at fedre var fråverande. Gjera ekteskap sure, og born forvirra. Viss eg kan bryta ned heimane, kan eg bryta ned framtida.

Ta difor heile Guds rustning på, så de kan gjera motstand på den vonde dagen, vinna over alt og bli ståande. Så stå då fast: Spenn sanninga til belte om livet, ta rettferda til brynje, og snør fredens evangelium til skor på føtene, så de er klare til å gå. Lyft trua høgt til skjold i alt som hender! Med det kan de slökkja alle brennande piler frå den vonde. Ta frelsa til hjelm, og grip Andens sverd, som er Guds ord. Gjer dette i bøn, og legg alt fram for Gud! Be alltid, i Anden! Vak og hald ut i bøn for alle dei heilage.
Efesarbrevet 6:10-18

VIGRESTAD BYGG

Misjonstur til Frankrike

Mari Grove

I mai var Kirsten (1 år) og eg (Mari Grove) ei veke i Paris. Det var ein spanande by å besøke med flott vårvêr, god mat og mange turistattraksjonar! Men grunnen til at eg reiste til byen var for å besøke ein misjonærfamilie.

Er det behov for misjonærer i Paris? Mange i Frankrike har eit forhold til religion gjennom den katolske kyrkja, der dei blant anna lærer at du kan få frelse frå synd gjennom kyrkja, Maria og avlat (noko det ikkje står om i Bibelen). Religion (regler og tradisjonar) stenger for den levande relasjonen Gud ynskjer å ha med alle menneske. I tillegg har ein stor del av befolkninga aldri hatt kontakt med det kristne budskapet.

Derfor er det behov for misjonærar i Paris også, for å fortelje at trua på Jesus er ei kjelde til fred og fridom! I Romarbrevet kapittel 10 står det: «Og korleis kan dei tru på ein dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner? Og korleis kan dei forkynna dersom dei ikkje blir utsendte?»

Ekteparet May-Linn og Arvid Aasen solgte huset i Noreg og flytta til Paris med tre barn i 2014. Dei driv organisasjonen Jesus2Europe. Dei ynskjer å fortelje om Jesus til menneske dei møter i kvardagen, ved å evangelisere på gata, i husgruppe, via nettstaden WonByOne, gjennom undervisning, ved hjelp av klesmerket «Attendant», og no er dei i gang med å bygge opp ein kristen TV-kanal i Frankrike. I mai var dei fire arbeidere, og i haust har fire nye begynt i tillegg!

Kvar onsdag og fredag er det gateevangelisering: det er å ta kontakt med folk for å fortelje dei gode nyheitene (evangeliet) om Jesus. Kvar onsdag går dei i bydelen dei bur i (Saint-Germain-en-Laye), og på fredager langs elva Seinen i hjartet av Paris.

Langs Seinen var det mange menneske som satt langs elva - aleine og i grupper. Me starta med å be, før me gjekk for å ta kontakt med folk som sat i ro (folk i farta har mindre tid til samtale).



Opnings-spørsmålet var ofte: «Kan eg gje deg eit kort?» Dei som sa «Ja», fekk eit kort med bibelvers og internettadressa til nettstaden WonByOne. Nokon sa «Nei takk», andre vart irriterte og sure. Men fleire var nysgjerrige og interesserte, og ville høyre meir om kva dette gjaldt. Ein person eg snakka med sa han ville gjerne lese i Bibelen, men han hadde ingen Bibel. Det fekk han den ettermiddagen! I løpet av nokre timer delte me ut fleire hundre evangeliseringskort og fekk mange gode samtaler.

Arbeidsdagen for misjonæranne inneheldt også kontorarbeid, podcast-produksjon, fransk-kurs og møter. Det var godt å ha fastsatt tid til gateevangelisering, for å ha «fri» på andre byturar. Men fokuset var ofte – kven kan eg snakke med her?

Det å flytte frå familie, vener og fast inntekt for å busetje seg i eit anna land kostar på mange måtar, men eg har sett at arbeidet til familien Aasen og Jesus2Europe er til velsigning for menneske langt utanfor Paris sine grenser.

Bli med på



FAKKELTOG



TEMA 2025:

NORD-KOREA: **KRISTNE LIDER** **VERDEN TIER**



27. november kl 19.00

Nærbø

PROGRAM:

19:00: Oppmøte ved Nærbø Torg. Utdeling av gratis fakler. Appell.

Fakkeltog til Tryggheim videregående skule

20:00: Møte på Tryggheim videregående skule. Gratis kakao.

Tale av Timothy Cho fra Nord Korea. Kollekt til Åpne Dører

www.fakkeltog.no

 **Åpne Dører**



HELE NORGE BER

2026



HeleNorgeBer.no



Der meisteren vandra - Betania



Per Åge Skretting

- Staden er kjend fordi her vekte Jesus opp Lasarus.
- Her budde søskena Maria, Marta og Lasarus, som Jesus besøkte fleire gonger.
- Her budde Simon, den spedalske.
- Utgravingar i 1951-1953 identifiserte Lasarus si grav.
- Jesus vart salva

På Jesu tid låg Betania omkring 15 stadier, altså knapt 3 km aust frå Jerusalem, ref. Joh. 11,18. På den tid, meir enn i dag, var dette eit fint, grønt område før dei nakne fjella i ørkenen Judea, ned mot Dødehavet.

Lasarus si grav ligg i dag ikkje open slik den gjorde på Jesu tid, men ca 5 m under gatenivå. For å koma inn, må ein gå ned nokre tronge steintrinn. Sjølve gravkammeret er på 2 X 2 m, som er det same som «Jesu grav» i hagen Gordons Golgata i Jerusalem.

Oppvekkinga av Lasarus vakte oppsikt, ikkje berre i landsbyen, men og i Det høge Råd (Joh. 11,46 ff). Dei første kristne bygde ei kyrkje over grava for å minnast det som Jesus gjorde. Kyrkja hadde tre skip, og var vendt mot aust. Denne vart ramma av eit jordskjelv fleire gonger, og seinare gjenreist til det i det 12. århundre vart reist eit Benediktinerkloster. I det 16 århundre var dette klosteret gjort om til moske.

Nå vart inngangen endra slik at inngangen til grava vart frå gata. Dei tronge steintrinna me kan bruka i dag, vart hogga til i det 16. eller 17 århundre. Ein arabar vaktar inngangen. På andre sida av gata har ein annan arabar utsal for turistar. Men oftast er turistar lite interesserte, og då viser han si misnøye svært så direkte.

Jesus blir salva i Betania, Joh. 12, 1-12:

«1 Seks dagar før påske kom Jesus til Betania, der Lasarus budde, han som Jesus hadde vekt opp frå dei døde. 2 Der heldt dei eit festmåltid for han. Marta var tenar, og Lasarus var ein av dei som låg til bords med han. 3 Då tok Maria eit pund ekte, dyr nardussalve og salva Jesu føter og tørka dei med håret sitt. Heile huset vart fylt av angen. 4 Då sa Judas Iskariot, ein av læresveinane, han som sidan sveik Jesus: 5 «Kvifor vart ikkje denne salven seld for tre hundre denarar og pengane gjevne til dei fattige?» 6 Dette sa han ikkje fordi han hadde omsorg for dei fattige, men fordi han var ein tjuv. Det var han som hadde ansvaret for pengekassa, og han tok av det som vart lagt der. 7 Men Jesus sa: «Lat henne vera! Ho har gøymt salven til gravferdsdagen min. 8 Dei fattige har de alltid hos dykk, men meg har de ikkje alltid.» 9 Den store mengda av jødar som var samla, fekk no vita at Jesus var i Betania. Og dei kom dit, ikkje berre for Jesu skuld, men òg for å sjå Lasarus, som han hadde vekt opp frå dei døde. 10 Då la overprestane planar om å drepa Lasarus òg, 11 for mange av jødane drog dit for hans skuld og kom til tru på Jesus.

Og frå Mark. 14,3-9:

«3 Jesus var no i Betania, heime hos Simon den spedalske. Medan dei låg til bords, kom det inn ei kvinne med ei alabastkrukke full av ekte og svært dyr nardussalve. Ho braut krukka og helte salven ut over hovudet hans. 4 Nokre som var der, vart arge og sa til kvarandre: «Kva skal ei slik sløsing med salve tena til? 5 Salven kunne vore seld for meir enn tre hundre denarar og pengane gjevne til dei fattige.» Og dei tala strengt til henne. 6 Men Jesus sa: «Lat henne vera! Kvifor plagar de henne? Ho har gjort ei god gjerning mot meg. 7 Dei fattige har de alltid hos dykk, og dei kan de gjera vel imot når de vil, men meg har de ikkje alltid. 8 Ho gjorde det ho kunne. Ho har på førehand salva kroppen min til gravferda. 9 Sanneleg, eg seier dykk: Overalt i verda der evangeliet blir forkynt, skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne.»

Jesus hos Marta og Maria. Luk. 10, 38-42

«38 Medan dei var på veg, kom Jesus til ein landsby, og ei kvinne som heitte Marta, tok imot han. 39 Ho hadde ei syster som heitte Maria, og Maria sette seg ved Herrens føter og lydde på orda hans. 40 Men Marta hadde det så travelt med alt ho skulle stella til. Og ho gjekk bort til dei og sa: «Herre, bryr du deg ikkje om at syster mi lèt meg vera tenar åleine? Sei til henne at ho skal hjelpa meg.» 41 Då svara Herren: «Marta, Marta! Du gjer deg strev og uro med mange ting. 42 Men det er eitt som er nødvendig. Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne.»

Lasarus betyr «han som Gud hjelper» og stammar frå det hebraiske navnet Elazar. Orda lasarett(sjukehus) og lasaron(ein fattig og sjuk person), er avleida av Lasarus.



FOR 5.-7. KLASSE

FRES

Me høyrer om Jesus og har kjekke aktivitetar

Kl 18.30 – 20.15.

Me starter på Ungdomsloftet, Varhaug Misjonshus, og avslutter med mat på Varhaug skule.

Datoer 2025/2026

22. aug
5. sep
19. sep
3. okt
17. okt
31. okt
14. nov
28. nov
23. jan
6. feb
20. feb
6. mar
20. mar
17. apr
15. mai
29. mai

VELKOMMEN!

Spørsmål?

Fres Varhaug på Facebook
Sentrum Menighet Varhaug
Lelar for Fres: Mari Grove
Tlf 99262949

Prisar for leige av Misjonshuset

PRISAR FOR LEIGE AV VARHAUG MISJONSHUS

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. august 2023

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ----- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	Kritelege arrangement		Anna bruk	
	Eigarorgani sasjonane (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	400	600	1300	2000
Anretnings kjøkken	400	600	1000	1200
MATSAL 1)	300	400	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	500	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Foreningsrom 4)	100	200	200	200
Barnekjeller 5)	500	500	500	500

- Merknad 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
3): gratis for bønnemøter
4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk. Pris er justert til kr 500 for alle, og det innføres begrensning, slik at ikke mer enn 50 personer tillates ved leie.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal	kr. 5000 *)
" " : bruk av anr.kjøkken og møtesal	kr. 3500 *)
<i>Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.</i>	
*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.	

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	1200	1300
Møteveke med fest på søndag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	-----
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (gamle matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 16. juni 2023
Styret for Varhaug Misjonshus.

Faste arrangement

Dag	Arrangement kontakt telefon	Tidspunkt	Rom
Mandag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Mandag	Pianoøving Ragnhild Hoel 92443772	1330-1815	Matsal
Mandag	Minikor Marie Vatne Dyngeland 98817527	1700-1745	Møtesal
Mandag (oddetall)	Yngreskor Anne M. Fauskanger 48266184	1815-1915	Møtesal
Tirsdag	Homlebølet Kjellaug L. Røynås 92233840	0900-1100	barnekjeller
Tirsdag	Fysioterapigrupper Geir Ove Buøy 93210886	1030-1530	Matsal
Tirsdag	Bønnesamling Terje Bøe 90519422	2030-2130	ungdomssal / bønnerom
Tirsdag	SUNDAG lovsangsgruppe Anne Birgitte L. Bøe 47953147	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal
Onsdag (oddetall)	MTM - Misjen tre & mek Kristian Varhaug 41541054	1830 - 2130	sløyd og metall i kjeller
Onsdag (annan kvar)	Speideren, 5.kl og opp André Vagle 48145331	1900-2030	Ute
Torsdag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Torsdag (partall)	Speideren, 2. - 4. kl Åse Marie Varhaug 90702567	1645-1845	ute, Odlandsskogen
Torsdag	UL-Lovsangsgruppe Mikala Hobberstad 94826515	1800-2000	møtesal eller ungd.sal
Fredag	Ope hus Hanna Stokkeland 46836564	2000-2330	ungdomssal
Lørdag	Ungdomslaget Ådne Skretting 45065798	2000	ungd.sal (eller møtesal)
oppdatert 28/8-2023			

Oppdatert oversikt over møter framover er å finne på nettsida:
www.varhaug-misjonshus.no Klikk på møteplan og så møtebok.

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2025-2026

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								
Loyd Ånestad	6	14	22	30	38	46	2	10	
915 39 216	3/2	31/3	26/5	21/7	15/9	10/11	5/1	2/3	
<i>(Asbjørn Fauskanger 94157641)</i>									
Andreas Rasmussen	7	15	23	31	39	47	3	11	
957 68 809	10/2	7/4	2/6	28/7	22/9	17/11	12/1	9/3	
<i>(Kristian Skrettingland 91375393)</i>									
Per-Arvid Jakobsen	8	16	24	32	40	48	4	12	
926 17 652	17/2	14/4	9/6	4/8	29/9	24/11	19/1	16/3	
<i>(Øystein Varhaug 97090811)</i>									
Asgeir Lima Olsen	9	17	25	33	41	49	5	13	
958 49 940	24/2	21/4	16/6	11/8	6/10	1/12	28/1	23/3	
<i>(Martin Dyngeland 97055506)</i>									
Glenn Skretting	10	18	26	34	42	50	6	14	
993 02 566	3/3	28/4	23/6	18/8	13/10	8/12	2/2	30(3)	
<i>(Åge Skrettingland 90939439)</i>									
Grethe Håland	11	19	27	35	43	51	7	15	
936 74 616	10/3	5/5	30/6	25/8	20/10	15/12	9/2	6/4	
<i>(Leif Nord-Varhaug 91192055)</i>									
Georg Høien	12	20	28	36	44	52	8	16	
414 74 560	17/3	12/5	7/7	1/9	27/10	22/12	16/2	13/4	
<i>(Reidar Varhaug, 90890978)</i>									
Tarald Ånestad	13	21	29	37	45	1	9	17	
906 37 516	24/3	19/5	14/7	8/9	3/11	29/12	23/2	20/4	
<i>(Ståle Ånestad 94885541)</i>									

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.
(ajour 19/4-2025)